



Også biletmaterialet so Kjærland har presentert i føredragsserien er imponerande

**Eit grunnleggjande spørsmål då Edith og Gunnar Kjærland kom til Etiopia like etter krigen var korleis ein kunne drive misjon blant analfabeter. Men han løyste utfordringa, han studerte korleis stamma kommuniserte og korleis dei munnleg tok vare på kulturen frå generasjon til generasjon, Han registrerte den munnlege tradisjon, mellom anna lover, namn på nytteplanter og viktige reiskapar. Og han enda med 600 sider registreringar av Boranakulturen.**

**Idag heldt Kjærland føredrag nummer 3 i serien om denne kulturen som har fylt så mykje av hans liv, Trykket mot kulturen var stort, mellom anna på grunn av byggjinga av ein hovudveg og det var viktig å berga han før han gjekk til grunne..**

Ikveld høyrde 20 korleis paret frå Uskedalen standhaftig kjempa seg gjennom den fyrste fase i Etiopia og ikkje minst korleis dei knytte kontakter med stamma og fekk vener for livet.

Alt utanfrå forstyrra kulturen og levemåten og verka oppløysande på stamma.

Gunnar fann tre grunnleggjande trekk: Dei hadde ein munnleg tradisjon som gjekk attende til stamma, store hendingar vart knytt til den person som var leiari i den tida hendinga skjedde og kunnskap vart knytta til gjenstandar eller symbolar. Kjærland utnytta så likskapane til historiane i Bibelen ved å få laga sentrale motiv. og biletserien vart trykt.

Men dette storverket som han gjennomførte kjem han sikkert attende til - i neste føredrag.,

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen